

Oppsummering av årsrapportar frå LAMU til HSU i Sogn og Fjordane Fylkeskommune i 2017

RAPPORT FRÅ STAMINA HELSE

Oppdragsgjevar

Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Arvid Stenehjøm, Frm-personal

Distribuert til

Arvid Stenehjøm

Gjennomfört av

Stamina Helse, avd Sogn og Fjordane

Oversendt kunde: 14.05.18

Oppsummering av årsrapportar frå LAMU for 2017

Hovudpunkt

Det er mottatt 15 årsrapportar (med Fylkesarkivet, men Fagskulen manglar). Alle LAMU har gjennomført møte. Snittet er på 3,7 og det varierer mellom 2 til 8 møte. Med unntak av Fylkesbiblioteket og Firda vgs. har alle einingane nytta Stamina.

Systematisk HMT-arbeid

13 av 15 rapporterer at internkontrollsystemet er tilfredsstillande. Fylkesarkivet har ikkje svart og Firda vg. som har skrive «nei», har kommentert at det er ønske om eit elektronisk system. 12 av 15 LAMU reviderer HMT-systemet årleg (Fylkesarkivet har ikkje svart).

Alle LAMU, med unntak av Sentraladm., rapporterer om gjennomført vernerunde eller anna arbeidsmiljøkartlegging, og med unntak av to LAMU er desse fulgt opp med handlingsplan.

Opplæring

Det er 3 einingar der ikkje alle VO og LAMU-medlem har opplæring, men 7 einingar skriv at det er behov for 40-t kurs for einskilde (frå 1-5 per eining). 4 einingar ynskjer opplæring for leiarar/mellomleiarar, og 6 einingar ynskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap (frå 2-10 personar per eining).

Arbeidstakars medverknad og arbeidsmiljøutfordringar

5 LAMU har under arbeidstakars medverknadspplikt rapportert om tilfelle av utilbørleg oppførsel/trakassering/diskriminering. Under arbeidsmiljøutfordringar har eitt LAMU kryssa for at det er varsla om eller på anna vis kartlagt trugande åtferd, og to for at det er varsla om eller på anna vis kartlagt vald/trakassering. Fem einingar har rapportert om konflikhtar som har uroa arbeidsmiljøet. Inntrykket er at det blir arbeidd med desse sakene.

Alle, med unntak av Høyanger vg, har svart at arbeidsmiljøet er fullt ut forsvarleg, og hovudvekta har utfordringar med fysisk arbeidsmiljø. 10 LAMU har hatt saker med feil eller manglar ein ikkje kan rette opp sjølv. Svara synleggjer at avvikssystemet er i bruk, men ikkje av alle. Erfaring tilseier at alle har forbettringspotensiale på dette.

Sjukefråvær og arbeidsrelatert skade/sjukdom

Sjukefråværet varierer frå 2.0 % - 12.2 %, der dei tre einingane med høgst fråvær har 6,2 %, 6,8 % og 12,2%. Snitt på 5,03 %. Alle har svart ja, med unntak av Hafstad vg, på spørsmål om tilsette medverkar til oppfølgingsplan og dialogmøte, og om dei jobbar systematisk med førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Alle har også svart ja på om dei har drøfta sjukefråværet kvartalsvis på LAMU-møta. Det er meldt om arbeidsrelatert sjukefråvær frå 3 LAMU, og dette gjeld 5 personar. Aktuelle tiltak i desse sakene vert rapportert å vere fulgt opp frå alle.

Utviklingssamtalen

Alle oppfattar utviklingssamtalen som obligatorisk. Det er litt sprikande svar på om dei registrerer kompetanseprofil, men 10 einingar svarar nei. Nokre svarar delvis. 7 einingar ønsker evaluering, sentraladm. Har kryssa ja og nei, og 7 har kryssa nei på behov for det.

På dei neste sidene kjem ei oppsummering av kva dei ulike LAMU har svart.

Hafstad Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Nei på byggesaker, elles rapportert ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring, kryssa nei for at leiarar/mellomleiarar treng opplæring.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Nei, i enkelte tilfelle har ikkje sjukmeldte medverka til oppfølgingsplan/deltatt i dialogmøte. Arbeidsgjevar har mottatt melding om at sjukdom som tilsett trur har samanheng med arbeid. Tilsett har gjeve melding til arbeidsgjevar om feil/manglar som ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Dei har ikkje fullført handlingsplan etter siste vernerunde.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Fysiske utfordringar; kjemikalie, forsvarleg lagring og avtrekk (jamfør vernerunde). Psykososialt; arbeidsmiljøkonflikt har skapt uro i verksemda (innføring av 3 % reduksjon i årsramma).
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Nei. Sjukefråvær 4,9 %, auke på 1.9 % frå 2016.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfattar det som obligatorisk. Kommenterer «uklart system» i forhold kompetanseprofil. Behov for grundig evaluering.

Sogndal Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det er ikkje handsama tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne. Dei har kommentert at dialogen har vore mellom leiar og tilsett. Dei arbeidar med revisjon av internkontroll, og har utarbeidd lokalt system for melding av uønska hendingar.
- **HMT-opplæring:** 5 stk. treng 40-timars kurs. Leiar/mellomleiar treng arbeidsmiljøopplæring.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv. Mindre avvik handtert i internkontrollen og retta opp undervegs. Arbeidsgjevar har mottatt melding om at sjukdom som tilsett trur har samanheng med arbeid.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Systemet er tilfredsstillande, men HMT-mål må konkretiserast. Vernerunde ikkje gjennomført 2017, pågår i februar/mars 2018.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Alt ok.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ja, 2 personar med arb.relatert sjukefråvær (er fulgt opp). Sjukefråvær: 6,2 % (auke på 1,6 frå 2016).
- **Utviklingssamtalen:** Kompetanseprofil vert ikkje oppdatert. Oppfatta som obligatorisk, det er behov for evaluering.

Sogn Jord- og hagebruksskule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Har ikkje oppdatert IK-systemet, elles kryssa ja.
- **HMT-opplæring:** Ikkje behov.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt.

- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Fysiske utfordringar; lys og støy frå ventilasjon.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 2 %, reduksjon med 0,7 % frå 2016.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk. Kompetanseprofil vert ikkje registrert.

Måløy Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 8 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ikkje handsama sak om oppdatering av IK-system.
- **HMT-opplæring:** Heile LAMU og leiargruppa ønskjer dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt.
- **Systematisk HMT-arbeid:** IK systemet er ikkje revidert (vert utført saman med KS-systemet).
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Fysiske utfordringar; kjemikalieskap i B- og C-fløy. Støy og temperaturutfordringar i A-fløy.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær 12,2 %, auke på 5,3 % sidan 2016.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, ikkje oppdatert kompetanseprofil, og det er behov for grundig evaluering.

Mo og Øyrane Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. Kommentert at dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap kan vere eit godt hjelpemiddel.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv. Gitt melding om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering (handsama i avvikssystemet). Arbeidsgjevar har mottatt melding om at sjukdom som tilsett trur har samanheng med arbeid.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske utfordringar. Det er varsla/kartlagt vald/trakassering.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 4 %, som er ein reduksjon på 0,6 % frå 2016.
- **Utviklingssamtalen:** Alt ok.

Firda Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 5 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Nei.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt, med unntak av ekstra vernetiltak, målingar eller undersøkingar, samt tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne.

- **HMT-opplæring:** VO og ein avd.leiar manglar opplæring. 2 treng 40-timars kurs. Leiar/mellomleiar treng arb.miljøopplæring. Nyttig at alle i LAMU vert oppdatert årleg om HMT.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv. Arbeidsgjevar har mottatt melding om at sjukdom som tilsett trur har samband med arbeid.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ikkje tilfredstillande IK-system. Kommentert at dei ønsker digitalt system.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Psykososiale utfordringar; der arb.miljøkonflikt som skapte uro i arb.miljøet er lukka.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 3,1 %, som er ein auke med 0,1 % frå året før.
- **Utviklingssamtalen:** Alt ok.

Eid Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 2 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Har svart nei, men det har vert utført etterarbeid for heile personalgruppa etter MTM.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt, med unntak av handlingsplanar for betring av arbeidsmiljøet.
- **HMT-opplæring:** Ikkje behov.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering. Arbeidsgjevar har mottatt melding om at sjukdom som tilsett trur har samband med arbeid.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alt. Vernerundar er gjennomført delvis.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske utfordringar.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 5,9 %, som er ein auke med 1,7 % frå 2016.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert delvis registrert. Ikkje behov for evaluering.

Dale Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring, leiar/mellomleiar ønsker oppfrisking. 2 treng 40-timars kurs. 2 ønsker dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv. Gitt melding om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt, er i ein prosess med gjennomgang av IK-systemet.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske arb.miljøutfordringar; tilbakevendande utfordringar i forhold til temperatur.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 3,8 %, reduksjon med 1,4 % frå 2016.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert registrert, men ikkje fullstendig (ventar på Visma). Det er ikkje behov for grundig evaluering.

Stryn Vidaregåande Skule

- **Møte og møteplan:** 6 møte, laga møteplan for 2018
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt.
- **HMT-opplæring:** 1 stk. som treng 40-timars kurs og 1 stk. som ønsker å delta på dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt. Dei registrera til dels mangelfull oppfølging av handlingsplanar.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske forhold; utfordringar i forhold til inneklima i ein fløy.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** 2 personar med arb.relatert sjukefråvær som er følgt opp. Sjukefråvær: 4,3 %, som er ein reduksjon med 1,2 % året før.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert registrert. Det er behov for grundig evaluering.

Høyanger Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ikkje handsama sak om ekstra vernetiltak, målingar eller undersøkingar, samt handlingsplanar for betring av arbeidsmiljøet.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. Ingen behov.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Fysiske forhold; lystilhøve i kontorfløy og ergonomiske utfordringar (TILT og PED).
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Arb.relatert som har ført til sjukefråvær er ikkje svart på. Sjukefråvær: 4 %, som er ein klar reduksjon på 1,2 % frå 2016.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, skriv at registrering av kompetanseprofil vert sjeldan oppdatert. Ikkje behov for grundig evaluering.

Flora Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 2 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ikkje handsama sak om tilrettelegging og ikkje revisjon av IK-system.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. 2 personar treng 40-t kurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er gitt melding om feil/manglar, om utilbørleg oppførsel/trakassering/diskriminering.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske forhold; sliperom i industrirom. Psykososiale forhold; det er varsla/kartlagt truande åtferd, vold, trakassering og arb.miljøkonfliktar. Det er kommentert som: personalsak lukka avvik.

- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Det er rapportert om 1 stk. arb. relatert skade/sjukdom som er følgt opp. Sjukefråvær: 6,8 %, auke med 0.8 % frå 2016.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert ikkje registrert. Ønsker grundig evaluering.

Årdal Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ikkje handsama sak om tilrettelegging og ikkje revisjon av IK-system.
- **HMT-opplæring:** Ingen behov.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfølgt. Det er gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Svart ja på alt kommentert at Internkontrollsystemet bør reviderast.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske utfordringar; støy, kjemikalie og ergonomi. Det har vore mindre arbeidsmiljøkonfliktar som har blitt løyst med dialog.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen med arb. relatert sjukefråvær. Sjukefråvær: 3,6 %, som er ein reduksjon på 10,87 % frå 2016.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert ikkje registrert, men drøfta. Ikkje behov for grundig evaluering.

Fagskulen

- Årsrapport frå LAMU er ikkje motteken.

Sentraladministrasjonen

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** Ikkje svart på kor mange LAMU møter, laga møteplan
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ikkje oppdatert IK-system.
- **HMT-opplæring:** Leiar/mellomleiar treng opplæring (LOR, OA). 2 stk. frå LOR og 3 stk. OA treng 40t-kurs og 3 stk. ønsker å delta på dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Treng gjennomgang av IK-systemet og reviderar ikkje lokalt hmt-system årleg. Det er ikkje gjennomført vernerunde, og ikkje utarbeida handlingsplan.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske utfordringar; temperatur i 5 etg.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen arb. relaterte skadar/sjukdomar som har ført til fråvær. Sjukefråvær: 3,8 %, nedgang med 0,1 % året før.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil ikkje registrert (delvis på LOR). Fylkesbiblioteket og innkjøp ser behov for grundig evaluering.

Fylkesarkivet

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** ikkje svart.
- **Bruk av Stamina:** Nei.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ikkje svart.

- **HMT-opplæring:** Ikkje behov.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ikkje svart.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ikkje svart.
- **Utviklingsamtalen:** Kompetanseprofil vert ikkje oppdatert. Oppfatta som obligatorisk, ikkje behov for evaluering.

Tannhelse

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja (Sogndal tannklinikk).
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ikkje handsama sak om ekstra vernetiltak, målingar eller undersøkingar, samt tilrettelegging og revisjon av IK-system.
- **HMT-opplæring:** 1 stk. har behov for 40-timers kurs og 2 stk. ønsker dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt. Kommentar: bør auke aktivitet på risikovurdering.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Arbeidsmiljøkonflikt er underhandsaming.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 5,8 % reduksjon med 0,7 % frå 2016.
- **Utviklingsamtalen:** Kompetanseprofil vert ikkje oppdatert. Oppfatta som obligatorisk, behov for evaluering. Kommentar: særleg i samband med samanslåing med Hordaland.